

## Referat

### Prosjektgruppemøte – 10.09.2018 (Møte 1/18)

#### Deltakere:

Medlemmer av prosjektgruppa	Navn	Deltakelse 10.9
Stavanger kommune	Hugo Kind	Ja
Time kommune	Yvonne van Bettum	Ja
Karmøy kommune	Pernille Iden	Ja
Utsira kommune	Atle Grimsby	Ja
Ryfylke IKS	Geir Ims	Ja
Sauda kommune	Rune Kloster Tvedt	Meldt forfall
Bjerkreim kommune	Kristian Nomedal	Ja
Fylkesmannen i Rogaland	Tonje Fjermestad Aase	Ja
Statens vegvesen, Region Vest	Guro Marie Dyngen	Meldt forfall
Kystverket vest	Anne Britt Ottøy	Meldt forfall
Rogaland sivilforsvarsdistrikt	Mariann Svanes	Ja
NVE	Turid Bakken Pedersen	Ja
Rogaland fylkeskommune	Eli Viten	Ja

**Frå sekretariatet (Rogaland fylkeskommune):** Elin Valand, Tara B. Holm

#### Generelle innspill om planprogrammet / planen

- Det er mange dokumenter som handlar om klimatilpassing. Viktig at planen kan tette det hòlet som ikkje vert dekt av andre planar.
- Det er viktig at den er samankopla med andre planar, t.d regionalplan for Jæren.
- Ein regionalplan kan styrke klimatilpassingsarbeidet i kommunane ved å få opp kunnskapsgrunnlaget. Planen bør vere eit verktøy for å samordne kommunane, samt internt i kommunane.
- Er forskjell blant kommunane. Få ein overordna plan slik at ein får ein likare tilnærming til planarbeid. Sjå på dei gode tiltaka, korleis kan ein samordna på tvers. Kan kommunane gå saman på til dømes flaumvern? Korleis kan ein hente gode idear og utveksle dei? Alle treng ikkje vera gode på alt. Her må fylkeskommunen vere med å bidra til å få til denne samordninga.
- Treng at planen er spesifikk og ikkje omfattande. Det må vere handfast, ikkje berre ei skildring av kva som må takast omsyn til.
- Lika tanken om tre dokumenter; eit kunnskapsdokument, eit plandokument og eit handlingsprogram.
- Bra med spørjeundersøkinga og de verkstadane som har vert arrangert. Bør vere meir av dette.

#### Endringar i struktur

- Ein del av teksten i kapittel 1,2 og 3 kan gjerne vera i vedlegg. Eks, leggje alle føringar i vedlegg, so ein kjem fort til det essensielle. Bruk av lenker bør vurderast.

## Regionalplan for klimatilpassing i Rogaland

- Diskusjon om inndelinga med 4 hovudtema er vegen å gå. Verte vanskelege å linke handlingsprogram og tiltak mot de 4 hovudtema som er foreslege. Samfunnstryggleik omfattar så mykje. Kanskje bør ein ha eit kapittel for kvart tema? Det vart vist til kap. 6 for ein mogleg måte å dela inn på, men kanskje med litt færre tema.

### Kva manglar eller bør presiserast betre?

- Innleiinga:
  - Ha med avgrensing og bakgrunn for planen i innleiinga. Kva er status i dag? Kvifor treng vi denne planen?
  - Er Rogaland tilpassa for dagens klima? Kva er Rogaland spesielt sårbare for?
  - Må kome tydeleg fram at dette er planen for planen.
  - Få frem at det skjer mye bra allereie i Rogaland på klimatilpassing.
- Det står litt om vind i kap 3, men ikkje under hovudtema. Vind er også viktig å tilpasse seg etter. Det er vanskeleg å ta høgde for vind i planlegginga. Lite rettleiing på dette. Meir vind går utover infrastrukturen. RP bør inkludere vind.
- Tørke er også ein utfordring med komande endringar.
- Sopp og råte i bygningsmassar – kulturminna
- Skred og skredfare. Meir skredfare i periodar og stader enn det har vert før. Større fare for turgåare å verte tatt av skred. Mogleg folkehelse- / friluftslivperspektiv?
- Drift og vedlikehald som blir meir omfattande og viktig med endra klima er eit mogleg tema.
- Det bør være meir fokus på moglegeheitene, t.d. i landbruket med lengre vekstsesong.

### Diskusjon rundt omtala hovudtema

- Landbruk er eit klart tema inn i planen. Det er viktig å få til eit godt samarbeid med landbruksnæringa.
- Kartlegging av flomvegar er viktig for ei god planlegging. Time, Hå og Klepp har dei siste åra hatt fokus på dette. Dette er pågåande arbeid.
- Flaum er eit viktig tema, spesielt for Dalane. Tilpassing jamfør flaum til busetnad, vassdrag osv. er viktig. NVE er involvert i planlegging av flomsikringsarbeide fleire stader i Dalane.
- På Haugalandet er overvatn og stormflo viktige tema. Nødvendig med tiltak på hamner og kaier. Mange kommunar jobbar ikkje godt med klimatilpassing i overordna plan og med overvatn. Det er viktig å sette fokus på overvatn i plan.
- Reint drikkevatt er eit viktig tema.
- Fokus på fortetting vs. håndtering av overvatn. Dette er ein utfordring i reguleringsplanar der ein ser på eit lite område, og der ein ikkje tenkjer konsekvensar for nærliggjande områder. Retningslinjer på korleis skal vatn går? NVE har som premiss at ein «møblera» etter vassvegen. Opne bekker og flomvegar bør visast i reguleringsplanar.

### Kartlegging:

- Det er viktig å få oversikt over kva som er kartlagd allereie.
- Det er viktig å avklare kva slags detaljnivå ein skal leggje seg på. Kartlegging av flaumvegar? Bekkar? Regionalplanen bør avgrense detaljnivået.

## Regionalplan for klimatilpasning i Rogaland

- NVE har tatt utgangspunkt i dei områda som har størst skadeomfang i sine kartlegginga. Ein bør avgrense kartlegging til områder som har store verdier.
- Fleire prosjekter er på gång knytta til havnivåstigning, som vil gje betre kunnskap:
  - VISHAV- prosjektet: Visualisering av havnivå, skal vise korleis detaljerte dybde data kan kombinerast med anna stadbunden informasjon for å visualisere til dømes havnivåendring. Vil ikkje innebere bølger i fyrste omgang.
  - Stavanger kommune er med i et EU prosjekt som går på modellering av stormflo og bølger. Resultatet skal vere ein bølgeomodell som kan simulere situasjonen i Stavanger. Kunnskapen frå prosjektet vil kunne brukast av alle.

### Tidsperspektiv til planen

- Rundt 10-20-30 år er nok meir enn langt nok. Men datagrunnlaget er knytta mot år 2100, so det er viktig å få fram. År 2050 kan vere eit godt kompromiss.
- Det vert vanskeleg å skape engasjement viss tidsperspektivet er for langt fram i tid.
- Det viktigaste er å ha ein plan som er fleksibel med tanke på kunnskapsoppdatering.

### Klimatilpassing vs. Klimagassreduksjon

- Det er vanleg å skilje desse to tema, men at det er viktig å få fram samanhengen. Til dømes; i form av ein illustrasjon.
- NVE sin klimatilpassingsstrategi kan innhalda ein kort forklaring på kva forskjellane er, og kanskje ein figur.

### Oppfølging

- Forslag om snarleg dialog om planprogrammet med landbruksnæringa og kompetansemiljø. Time kommune og sekretariatet avklarar moglegheiter for samarbeid.

### Neste møte:

14 november – kl. 0900 – 1130.

Utsira og NVE ynskjer videokonferanse.

GIS-rådgjevar inviterast med til neste møte for ein gjennomgang av kartgrunnlaget som finst.

### Referent:

Tara B. Holm og Elin Valand